

Pressemelding

Dato: 26.04.2018

Slutt for erfaringsbasert masterstudium i egedomsutvikling ved Noregs miljø- og biovitskapelege universitet

NOKUT trekkjer tilbake akkrediteringa til det erfaringsbaserte mastergradsstudiet i egedomsutvikling ved Noregs miljø- og biovitskapelege universitet (NMBU). Revideringa viste at studietilbodet ikkje oppfyller alle krava i studietilsynsforskrifta. Særleg gjeld dette krava til innhald, nivå og fagmiljø.

- Noregs miljø- og biovitskapelege universitet har informert oss om at studiet blei lagt ned 1. januar 2018. Då var det ikkje lenger aktive studentar ved studietilbodet. Det at vi no har trekt tilbake akkrediteringa tyder at universitetet må søkje NOKUT om ny akkreditering dersom dei ønskjer å tilby det same studiet igjen, seier NOKUTs tilsynsdirektør Øystein Lund.

NMBU har opplyst at dei vil nytte tilbakemeldingane frå dei sakkunnig i universitetet sitt arbeid med vidareutviklinga av fagfeltet og andre utdanningstilbodet innan egedomsfag ved universitetet.

Bakgrunn

I 2015 sette NOKUT i gong revidering av det erfaringsbaserte mastergradsstudiet i egedomsutvikling ved Noregs miljø- og biovitskapelege universitet. NOKUTs styre behandla rapporten til dei sakkunnig etter revideringa av studietilbodet første gong våren 2017. Universitetet fekk frist til 1. januar 2018 for å levere ei oversikt over utbetringstiltak som dei har sett i gong og planlagt i samsvar med den sakkunnige vurderinga.

[Les tilsynsrapporten](#)

Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga Telefon: (+47) 21 02 18 00 Faks: (+47) 21 02 18 01	Postadresse Postboks 578 1327 Lysaker	Adresse Drammensveien 288	Kommunikasjonsdirektør Gard Sandaker-Nielsen gsn@nokut.no Tlf: (+47) 951 57 471
---	--	--	---

Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga

Telefon: (+47) 21 02 18 00

Faks: (+47) 21 02 18 01

Postadresse

Postboks 578

1327 Lysaker

Adresse

Drammensveien

288

Kommunikasjonsdirektør

Gard Sandaker-Nielsen

gsn@nokut.no

Tlf: (+47) 951 57 471